

ÅRSMELDING FOR FRILUFTSFORENINGA VOLDA - 2019

1. Styret

Leiar:	Runa Bakke
Nestleiar:	Therese Moltudal
Kasserar:	Ingunn Arnesen
Styremedlem:	Sonja Håvik
Styremedlem:	Cecilie Åmås
1.vara:	Bjørge Flø
2.vara:	Kristin Bakke

Det har blitt halde to styremøte. Styret har elles hatt kontakt på e-post, telefon og på eiga facebookgruppe.

Valnemnd:

Aud Fagervoll
Sylvi Fossheim

Forretningsfører: SpareBank 1 Regnskapshuset SMN

Årsmøte:

Styret har vedtatt at årsmøtet skal haldast innan 31.mars.

Det vart halde ekstraordinært årsmøte 17.06.19. Agenda: *Forvaltning av testamentarisk gåve etter Magne Haugen*. Referatet ligg på heimesida til FFV.

2. Medlemar

Talet på medlemar var 186 pr. 31.12.19 (familiemedlemskap). Ein liten nedgang frå i fjor.

3. Utstyr

Vi har ikkje hatt god nok lagringsordning, noko som truleg har vore hinder for utlån. Då FFV fekk arv etter Magne Haugen, var utlånsentral noko vi ønskte å bidra til å realisere.

Styret gjorde slikt vedtak den 04.09.19:

FFV kan bidra med inntil kr. 50.000 i drift pr. år (husleige) Utstyret som FFV har pr i dag kan overførast til utlånsentralen

4. Aktivitetar

Skogsmulle (Per Ernst) var på vitjing i Trollsetta barnehage hausten 2019, og Hjellbakkane lånte utstyr og ordna eige besøk.

Alle aktivitetane under, er omtala på [heimesida](#).

Mandagsturar

I år har vi hatt 17 turar: åtte turar i Volda, fire i Ørsta, tre i Ulstein, ein i Hareid og ein i Hornindal. Totalt har 62 personar vore med på turane, og i snitt har det vore med 11-12 på kvar tur. Flest var med på turen til Sandsøya 2.pinsedag. Dette var ein verkeleg flott tur der heile 28 personar var med.

Som vanleg var flest med på turane før sommarferien. Veret har variert frå varme solrike mandagar, til kjølige kveldar med regn, vind og tåke. Men veret har ikkje stoppa oss og turane har stort sett gått etter oppsett plan. To gongar har vi likevel måtta endre turmål på grunn av veret. (Lønndalsmannen og Hasundhornet)

Dameskikveldar

Berit og Per Ernst hadde sin siste og 25.sesong som ansvarlege for dameskikveldane. Ein slik innsats fortener ein kjempetakk og ei merksemd. Dei fekk frivillegprisen for Volda kommune og frå FFV fekk dei overnatting på Juvet landskapshotell.

Det vart fire kjekke mandagskveldar, men diverre vart slutt frå 18.februar på grunn av snømangel.

Haustattur 25.-27. august til Dovre

I år gjekk turen til Dovre. Snøhetta på 2286 meter var hovudmålet og dette var turmål på laurdag. Søndag var det tur til Snøhetta viewpoint før heimreise. Og ja, vi såg moskus! I alt var 25 turglade med på turen. [Turomtale på heimesida](#)

Barneturlaget

Barneturlaget var nede i ein liten bølgedal i 2019. Det var behov for nye ansvarlege. I oktober melde nokre foreldre seg «til teneste»; ein engasjert gjeng. Målet er eit arrangement pr. mnd. Barneturlaget var medarrangør av «Reisa til adventsjerna» og leia fakkeltoga opp til Kalsethola,.

Turbøker

Friluftsforeninga har ansvar for ein del av turbøkene. Det er oppretta ei fb-gruppe der ein kan varsle om bøker som er klare til utskifting.

StikkUT!

I januar vedtok styret å legge ned Volda turorientering til fordel for å bidra i StikkUT! Frå 2019 har difor FFV samarbeidd med Volda kommune om StikkUT! Det har vore både StikkUT! vinter og sommar-StikkUT!

Kajakk

Det har ikkje vore organiserte kajakkaktivitetar.

5. Anna

Morotur

Det er lagt inn mange turar i Volda på www.morotur.no, men det er absolutt potensiale for fleire. Det vart heller ikkje gitt opplæring i GPS og morotur i 2019, men dette er noko som bør vere aktuelt for FFV å gjere.

Stadionparken

Ein er no over i drift av anlegget og dugnadsarbeidet er avslutta.

Merking av stiar

I 2018 vart det etablert ei stimerkingsgruppe. Arbeidet har halde fram i 2019. Det blir stadig rydda og merka stiar. Sparebanken Søre Sunnmøre ga kr. 50.000 til turtavler, og ei lita gruppe har jobba med å lage seks turtavler. Merkinga skjer i tett samarbeid med Volda kommune, og Hamna dagsenter og Styrk lagar merkepinnar for oss.

I november fekk vi nye 10.000 kr frå sparebanken Møre til merking/skilting.

6. Heimeside/sosiale medier

Friluftsforeninga Volda har hatt heimeside sidan 2006. Namnet på sida er www.friluftsforeninga.no. Her blir det mellom anna lagt ut bilete, omtale og informasjon om arrangement. (nettsida har i februar -19 fått sikker pålogging (SSL-sertifikat) og personvernerklæring (GDPR))

Facebook:

Friluftsforeninga, Barneturlaget og Volda turorientering har grupper på facebook. Friluftsforeninga har no knapt 1000 medlemar, barneturlaget litt over 1000, og Volda turorientering/StikkUT! kring 650 medlemmer. Ein solid auke frå i fjor! Nokre av dei som er med i desse gruppene er ikkje medlemar i FFV. Men dette er ein fin måte å gjere aktivitetane i Friluftsforeninga kjende på og til å rekruttere nye medlemar.

FFV har konto på **Instagram** (234 følgjarar) og **Twitter**.

7. Økonomi (inkl. Magne Haugens minnefond)

Økonomien i laget er god.

Arv etter Magne Haugen (heretter kalla Magne Haugens minnefond):

I juni 2019 vart arveoppgjeret avslutta. Kvar av testamentsarvingane fekk kr. 3,8 mill. Leiar og kasserar fekk økonomisk rådgjeving i Sparebank1 Søre Sunnmøre, og midlane er plasserte i fond med lav risiko.

FFV har innvilga to søknadar til Magne Haugens minnefond i 2019: kr. 250.000 til Stadionparken og kr. 145.000 i tilskot til KFUM volleyball (mini sandvolleyballbane).

Styret vedtok følgande 04.09.19: *Midlane vert lyst ut i Møre og Mørenytt + fb/nettsida, med årleg søknadsfrist 15. aug og 15. februar*

8. Aktivitetar

Det har vore god oppslutnad om alle aktivitetane.

Kjerneaktivitetane er mandagsturar, skidamer, hausttur, turorientering og barneturlaget sine aktivitetar. Vedlikehald av treningsområda i Stadionparken vil også vere viktig framover.

I tillegg er tilrettelegging for friluftsliv viktig. Dette gjeld til dømes merking og skilting av stiar og turområde, stirydding, StikkUT! m.m.

Styret i Friluftsföreninga Volda, 08.05.2020

Runa Bakke
leiar (sign.)

Therese Moltudal
nestleiar (sign.)

Ingunn Arnesen
kasserar (sign.)

Cecilie Åmås
Styremedlem (sign.)

Sonja Håvik
styremedlem (sign.)

Styret har godkjent årsmeldinga pr. e-post 08.05.20